

# REGLEMENT FOR STORD KOMMUNE SI KUNSTORDNING

Reglementet er vedteke i Kommunestyret 29.04.2021

## § 1 Føremål

Stord kommune si kunstordning skal medverka til ei heilskapleg, kunstnarleg og estetisk utforming av det offentlege rommet i Stord kommune.

Det skal leggjast til rette for at kunst blir til glede for ålmenta, lett tilgjengeleg i kommunale bygg og uterom.

Hovudvekta bør leggjast på utsmykking av representative bygg, samt bygg og anlegg der mange folk ferdast.

Reglementet for kunstordninga skal sikra offentlege midlar til utsmykking av kommunale bygg, anlegg og offentlege plassar samt innkjøpsordninga for kunst til kommunen si kunstsamling. Reglementet skal sikra oversikt og god forvaltning av kommunal kunst.

Krav til profesjonalitet og høg kunstnarleg kvalitet skal alltid vera eit overordna omsyn. Det skal leggjast til rette for at kunstnarar med tilknytning til distriktet får delta i tevlingar om oppdrag og at verk av kunstnarar med lokal tilknytning vert kjøpt inn.

## § 2 Finansiering

Det skal årleg setjast av ein sum tilsvarande 1 prosent av kommunen sitt samla investeringsbudsjett, eksklusiv sjølvkostfinansierte investeringar, til kunst i offentlege rom. Løyvinga skal årleg vera på maks kr 3 000 000, minst kr 500 000.

1 prosent av salsinntektene frå sal av areal, og sal av næringsbygg skal setjast av til kunstinvestering. Dette skal ikkje gjelda sal av kommunale bustadbygg eller den delen av salssummen som gjeld refusjon av opparbeidingskostnader av tomtane.

Det bør leggjast opp til å setje av ein sum i driftsbudsjettet til Eining for kultur til kjøp av enkeltarbeid til Stord kommunale kunstsamling.

Det bør årleg setjast av driftsmidlar til administrasjon av ordninga, vedlikehald, forsikring, formidling m.m.

Styret for kunstordninga har fullmakt til å disponere dei avsette midlane. Disponeringa skal vera i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande økonomireglement.

Når Styret finn det aktuelt skal det søkjast om stønad frå KORO og andre aktuelle ordningar eller samarbeidspartar.

## § 3 Organisering

Styret for Stord kommune si kunstordning skal vera sett saman slik:

- Tre politiske representantar – med forslags- og stemmerett
- Ein kunstnarleg konsulent – med tale og forslagsrett

Kommunestyret peikar ut politiske representantar og vel leiar til styret.

Dei politiske representantane har personlege vararepresentantar.

Vervet som kunstnarleg konsulent skal lysast ut i samarbeid med KORO ved Hordaland kunstsenter og vervet varar i to år. Dei politiske representantane peikar ut konsulenten.

Frå administrasjonen møter rådmannen og kulturrådgjever, eller dei rådmannen peikar ut, med talerett. Rådmannen syter for sekretariat for styret.

Dei politiske representantane har personlege vararepresentantar.

Styret sine oppgåver:

Styret for kunstordninga skal legge til rette for ei heilskapleg kunstnarleg, estetisk utforming av det offentlege rommet i Stord kommune

Styret har hovudansvaret for kunstprosjekta og skal syte for at det vert sett ned kunstkomité og gje komiteen mandat

Styret skal ha ansvaret for den kommunale innkjøpsordninga for kunst

Styret skal ha oversyn over og dokumentera det som finst av kunst i kommunale bygg og anlegg

Styret skal utarbeida budsjett og årsmelding

#### § 4 Kunstprosjekt

For kvart utsmykkingsprosjekt skal det setjast ned ein kunstkomité.

Kunstkomiteen skal vera samansett slik:

- Kunstkonsulent, leiar og sekretær for komiteen – med stemmerett
- Representant frå styret i Stord kommune si kunstordning – med stemmerett
- Representant for brukarane – med stemmerett
- Prosjektleder for bygget – møter når det er trong for det med tale- og forslagsrett
- Arkitekt for bygget – møter når det er trong for det med tale- og forslagsrett

Kunstkomiteen utarbeidar ein kunstplan som skal godkjennast av styret.

KORO, ved Hordaland kunstsenter vert bedne om å lyse etter kunstkonsulent på vegne av Stord kommune. Styret utnemner konsulent basert på innkomne søknadar.